

Cecilie Bjørnsdotter Raustein

# Segmentasjon og differensiasjon i sørvestlandsk og islandsk

Bacheloroppgåve i nordisk språk og litteratur

Rettleiar: Ivar Berg

Juni 2021



Cecilie Bjørnsdotter Raustein

# **Segmentasjon og differensiasjon i sørvestlandsk og islandsk**

Bacheloroppgåve i nordisk språk og litteratur  
Rettleiar: Ivar Berg  
Juni 2021

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for språk og litteratur



# Segmentasjon og differensiasjon i sørvestlandsk og islandsk

8910 Ord

Denne oppgåva tek føre seg segmentasjon og differensiasjon i islandsk og sørvestnorske dialekter, og forsøker å svare på kva som er bakgrunnen for likskapane i utviklinga i dei to språksamfunna. Det viktigaste i oppgåva er difor ei drøfting av kva som kjem av eksterne faktorar, og kva som kjem av interne faktorar.

This paper discusses segmentalization and dissimilation in the Icelandic language and southwestern Norwegian dialects, and attempts to explain the similarities in the development within the two language communities. The main part of the paper is a discussion of the effect of external and internal factors on this development.

## Innhald

1. Innleiing.....	7
1.1. Bakgrunn og problemstilling .....	7
1.2. Notasjon og omgrep .....	8
1.2.1. Notasjon.....	8
1.2.2. Omgrep.....	8
1.2.3. Geografi.....	9
2. Situasjonen i dag.....	10
2.1. Sørvestlandske dialekter.....	10
2.2. Islandsk.....	11
3. Historisk utvikling.....	11
3.1. Tidleg kontakt og utvikling .....	11
3.2. Kvantitetsomlegginga.....	12
3.3. Assimilasjon av konsonantar .....	13
3.4. Segmentasjon av <i>ll</i> og differensiasjon av <i>rl</i> til <i>dl</i> .....	13
3.5. Segmentasjon av <i>mn</i> og differensiasjon av <i>rn</i> til <i>dn</i> .....	14
3.6. Segmentasjon av <i>mm</i> til <i>bm</i> , og meir om strilemål.....	15
4. Moglege forklaringar.....	16
4.1. Når og korleis skjer språkendingar?.....	16
4.1.1. «Feilsnackingar» .....	16
4.1.2. Endring i språksamfunnet.....	17
4.1.3. Spreiing til andre språksamfunn .....	18
4.2. Interne forklaringar.....	18
4.2.1. Kva kan forklarast strukturelt? .....	18
4.2.2. Kva i strukturen legg opp til nettopp segmentasjon og differensiasjon?.....	20
4.2.3. Segmentasjon og differensiasjon som del av ei større utvikling .....	21
4.3. Eksterne forklaringar.....	22
4.3.1. Vilkår for språkending via kontakt.....	22
4.3.2. La kontakten mellom Island og Noreg opp til språkleg påverknad? .....	23
4.3.3. Strilane og naboopposisjon.....	24
5. Oppsummering og konklusjon.....	25
Litteratur.....	26

## 1. Innleiing

### 1.1. Bakgrunn og problemstilling

Frå slutten av 800-talet vart Island busett, i hovudsak av det vi i dag vil rekne som norsktalande, under det vi i dag kallar landnámstida, nettopp grunna denne busetjinga. Ein reknar med at blant innflyttarane hadde heile 42 % ei sørvestnorsk dialekt, 42 % andre norske dialekter, og dei siste 16 % anten dansk eller svensk språk (Sandøy, 2003, s. 83). Dette må vi altså kunne anta at danna grunnlaget for det som utvikla seg vidare til det islandske språket vi kjenner i dag. På trass av at norske utflyttarar utgjorde ein så stor del av grunnlaget for det islandske språket, er det i dag vanskeleg for ein gjennomsnittleg nordmann å forstå talt islandsk. Likevel har dei to språksamfunna, som i tillegg til det felles grunnlaget har hatt mykje kontakt, ein del felles historiske utviklingar.

Går du til dømes til ein bonde på Jæren for å høyre kva han driv med, kan det hende han fortel deg kva type *kodn* han har på markene sine, og kanskje òg at han har sleppt sauene sine opp på eit *ffedl* i sommar. På islandsk ville ein sagt noko slikt som *kotn* (eller *kortn*) og *ffatl*, som er slåande likt. Dei norrøne opphavsorda er *korn* og *ffjall*, så noko har openbart skjedd med uttala av desse to, òg om ein ser vekk frå at vi har fått ein *e* i *ffjell* på norsk. Det vi ser her er døme på det vi kallar segmentasjon og differensiasjon, som er to språklege prosessar. Desse ser ut til å ha skjedd i det sørvestlandske dialektområdet i Noreg, og i tillegg finn vi dei både i islandsk og færøysk. I denne oppgåva vil eg sjå på sambandet mellom desse fenomenen i sørvestlandsk og islandsk, med langt mindre vekt på det færøyske språket.

Begge prosessane ser ut til å ha skjedd etter norrøn tid, men norrønt er altså eit felles opphav for desse språka. Ein kan difor tenkje seg (1) at det er eigenskapar som ligg i det norrøne språket som har ført til desse utviklingane. Det har òg vore varierende grad av kontakt mellom språksamfunna etter at dei skilte seg i to, og ei anna moglegheit er (2) at det er denne kontakten som er opphavet for likskapen. Vi kan altså dele inn i to ulike hypotesar, kor den eine dreier seg om indre krefter som kjem av eigenskapane i språket sjølv, og den andre om ytre krefter, slik som språkkontakt. For å vurdere kva som har skjedd, må vi først sjå på fenomenen i seg sjølv, kva som kan få slike endringar til å skje, og når dei har skjedd i dei ulike språka.

Aller først skal vi sjå på korleis dei to fenomenen opptrer i moderne islandsk og sørvestlandsk, og vidare kva som er fellestrekk og skilnadar her. Deretter skal vi sjå litt på den språkhistoriske utviklinga, inkludert nokre fleire endringar som er nyttige å ha med seg når vi skal forsøke å datere endringane, og vidare seie noko om kva som dreier seg om kontakt, og kva som dreier seg om ibuande mekanismar og eigenskapar i språket og det felles opphavet. Til slutt kan vi samle trådane, og drøfte kva som har vore bakgrunnen for utviklinga.

## 1.2. Notasjon og omgrep

Eg vil starte med å definere nokre omgrep, og avklare korleis eg kjem til å bruke dei i den vidare teksten.

### 1.2.1. Notasjon

Før vi ser på sjølv omgrepa, vil eg kort greie ut for notasjonen eg nyttar her. For det aller meste nyttar eg forenkla notasjon i kursiv til å gje att munnleg språk. Eg skriv dobbel konsonant, som *ll*, *nn* og *mm* for å vise lang konsonant, og vidare *dl*, *dn* og *bm* for resultatata av segmentasjon og differensiasjon. Eg nyttar kursiv og ei forenkling, heller enn ljodskrift, ettersom (1) vi ikkje veit nøyaktig korleis uttala var i norrønt og nokre hundre år etter, som er det relevante tidsrommet her, og (2) slik notasjon viser tydeleg det vi her ser på, nemleg segmentasjon og differensiasjon. Når vi nyttar kursiv for å gje att norrønt, vil det svare til normalisert norrønt, men når vi nyttar kursiv for moderne norsk og islandsk, er det uttale, ikkje skrift, det er tale om. For islandsk vil det tidvis nyttast *tl* og *tn*, ettersom ein på islandsk ikkje har stemde plosivar i postvokalisk stilling (Torp, 2011, s. 15).

### 1.2.2. Omgrep

Vi kan starte med hovudrolleinnehavarane i denne oppgåva. *Segmentasjon* er det vi kallar det når ein lang ljod får eitt nytt segment (Berg, 2018, s. 181). Når vi her snakkar om segmentasjon, meiner vi at ein lang konsonant har gått over til å verte eit konsonantsamband beståande av to ulike konsonantar, som til dømes *ll* > *dl*, som når norrønt *ffall* har vorte til *ffatl* i moderne islandsk uttale.

Vidare er *differensiasjon* ei endring av eit konsonantsamband beståande av to ulike konsonantar, der dei to konsonantane har vorte meir ulike. Når vi her snakkar om differensiasjon, meiner vi at den første av dei to konsonantane har endra seg til ein konsonant som kan seiast å vere meir ulik den siste konsonanten, som med til dømes *rn* > *dn*, som når norrønt *korn*, som vi såg i innleiinga, har vorte til sørvestlandsk *kodn*.

Med denne definisjonen av differensiasjon, vil dette vere eit spesialtilfelle av det eg her vil omtale som *dissimilasjon* (Campbell, 2013, s. 26). Dette omgrepet tyder meir generelt at to ljodar vert meir ulike. Her kan vi skilje mellom kontakt- og fjerndissimilasjon (Campbell, 2013, s. 27), og det kan skje med både vokalar og konsonantar. Med kontaktdissimilasjon meiner vi at ein ljod påverkar ein annan ljod som står rett før eller rett etter, og med fjerndissimilasjon meiner vi at ein ljod påverkar ein annan, men at det er andre ljodar imellom. Med omgrepa eg nyttar i denne oppgåva, vil altså differensiasjon vere eit spesifikt døme på kontaktdissimilasjon på konsonantar.

Det motsette av dissimilasjon er *assimilasjon*, som er når to ljodar i eitt ord vert likare kvarandre (Campbell, 2013, s.24). Dette kan vere fullstendig, til dømes når *mb* i norrønt *lamb* har gått over til lang *mm* i moderne norsk, eller det kan vere delvis, som til dømes omljodsprosessane. Dette kan òg



kan skje med ljodar som er rett etter kvarandre, altså nærassimilasjon, eller med andre ljodar mellom, altså fjernassimilasjon, og det skjer både med vokalar og konsonantar.

Vi har no allereie nytta nokre omgrep som kan vere greie å avklare før vi går vidare. For det første kan det vere greitt å ha avklart at når vi her snakkar om *vokalar*, meiner vi både monoftongar (enkeltvokalar) og diftongar (samband av to ulike vokalar). Vidare nyttar vi omgrepet *konsonantsamband* når det er snakk om eit konsonantsamband beståande av to ulike konsonantar, medan *konsonantisme* er eit samleomgrep for både slike konsonantsamband og enkle konsonantar (lange eller korte).

Vi skal òg sjå litt på stavingsstruktur, og då kan det vere greitt å ha med seg at ei staving gjerne vert delt inn i *opptakt* og *rim*. Opptakta er eventuelle konsonantar før vokal, og rimet består av vokal (*kjerne*) og konsonantane etterpå (*koda*) (Hognestad, 2019, s. 56). Vidare er *fonem* minste tydingsskiljande eining i språket (Hognestad, 2019, s. 42).

Eit anna omgrep vi kjem inn på er *latente tendensar*. Med dette meiner vi at eigenskapar i språkstrukturen gjer at eit språk har visse tendensar som på eit tidspunkt kan utløysast og gje ei språkending.

### 1.2.3. Geografi

Vi skal, som vi har vore inne på allereie, særleg sjå på det *sørvestlandske* dialektområdet i Noreg. Eg nyttar då dialektstilja som er vist på *Kart 1*, som viser dialektområde i gamalnorsk. Vidare skal vi inn på *strilemål* spesifikt. Då snakkar vi om målet i eit område rundt, men ikkje inkludert, Bergen.

Dette svarer til området på *Kart 2* som er markert med segmentasjonen  $mm > bm$ .




Kart 1: Kart frå Berg (2018) s. 169

## 2. Situasjonen i dag

### 2.1. Sørvestlandske dialekter

I sørvestlandske dialekter finn vi varierende grad av både differensiasjon og segmentasjon. Det som er mest utbreidd, er differensiasjon av gamalnorsk *rn* til *dn*. I eit litt mindre område finn vi både segmentasjon av lang *ll*, som har gått over til *dl*, og differensiasjon av *rl* til *dl* (Sjå *Kart 2* for utbreiing. Dette er henta frå Chapman (1962), men òg nytta av Berg (2018) og Torp (2011).). Eit relevant spørsmål her er om dette er éi eller to utviklingar. Altså, kan det tenkjast at vi har hatt assimilasjonen *rl* > *ll*, og vidare segmentasjonen *ll* > *dl*? Eitt argument som talar for dette, er nettopp at *rl* > *dl* og *ll* > *dl* har heilt tilsvarende utbreiing, og det er difor nærliggjande å tru at overgangen *rl* > *ll* har skjedd først, og at vi deretter har fått *ll* > *dl* felles for desse (Røsstad, 2019, s. 67). Vi skal sjå meir på dette, men førebels kalle endringa *rl* > *dl* for differensiasjon, ettersom det er slik det ser ut når vi samanliknar normalisert norrønt med moderne uttale.



Kart 2: Kart frå Chapman (1962) s. 197

Det at gamalnorsk lang *nn* har gått over til *dn* etter lang vokal er òg ganske utbreidd, geografisk sett, medan det same etter kort vokal berre finst innanfor eit ganske lite område rundt Bergen. I eit omtrent like stort område rundt (men ikkje i) Bergen finn vi òg gamalnorsk lang *mm* som har gått over til *bm* (Torp, 2011, s. 18).

Særleg bør ein her bite seg merke i utviklinga *nn* > *dn*, som i norrønt *steinn* > moderne sørvestlandsk *steidn*, ettersom det i dette tilfellet er ein skilnad basert på vokallengda som kjem før. Her er det altså heilt tydeleg at noko litt anna skjer enn for *ll* > *dl*, som jo skjer i alle tilfelle når det først skjer. Denne skilnaden er òg delvis felles med islandsk og færøysk (med nokre variasjonar), og ser ut til å ha skjedd kring same tida i alle tre språka (Sandøy, 2003, s. 92).

## 2.2. Islandsk

I islandsk finn vi i mykje mindre grad enn i norsk geografiske dialektskilnadar (Stefán Karlsson, 2004, s. 64), så vi snakkar her om heile det islandske språket. Jamt over er både norrøn *rl* og *rn* differensierte til *dl* og *dn*. Tilsvarande er lang *ll* og lang *nn* (sistnemnde berre etter lang vokal) segmentert til *dl* og *dn* i moderne islandsk. Det finst likevel nokre unntak. Dette gjeld særleg kallenamn og nyare lånord (Stefán Karlsson, 2004, s. 21). Frå diakronien veit vi at lånord normalt oppfører seg som ord som allereie er i språket (Campbell, 2013, s. 59). Dette tyder på at segmentasjon av desse lange konsonantane i skrifa ikkje lenger fungerer som ein synkron regel i det islandske språket.

## 3. Historisk utvikling

Det er heilt ukontroversielt å seie at islandsk og norsk har eit felles opphav, ettersom det i stor grad var nordmenn som først busette seg på island. I gamle skriftlege kjelder finn ein relativt tidlege skilnadar i dei to språka, og dette kjem til syne i kjeldematerialet allereie på 1100-1200-talet (Hagland, 2004, s. 376). På 1300-talet finn ein sporadisk *ll*, *rl* > *dl* og *nn*, *rn* > *dn* (Hagland, 2004, s. 380), og dessutan *mn* > *fn* og *ft* > *pt* (Hagland, 2004, s. 392). Eit interessant poeng her er at dette gjerne er felles trekk mellom islandsk og delar av vestnorsk, medan trøndsk og austlandsk ikkje får den same utviklinga (Hagland, 2004, s. 392). Sidan den tid har dei islandske og sørvestlandske språksamfunna hatt varierende grad av kontakt med kvarandre, og ikkje minst med andre språk. Dette har naturlegvis hatt innverknad på korleis dei to språka har utvikla seg.

### 3.1. Tidleg kontakt og utvikling

I fleire år etter landnåmstida var det stor grad av kontakt mellom Noreg, Island og Færøyane, og sjølv om det hadde oppstått nokre geografiske dialektskilnadar, må dette ha støtta opp om opplevinga av at dei tre var ein del av eitt og same språksamfunn (Sandøy, 2011, s. 32). Nemninga *norrónn* vart, ifølgje Sandøy, vanleg som samleomgrep for norsk, færøysk, islandsk og norn etter 1300, og då saman med omgrepet *dønsk tunga*, som allereie var i bruk om dei nordiske språka (Sandøy, 2011, s. 22). Dette kan vere eit tidleg teikn på eit skilje mellom gamalvestnordisk og gamalaustnordisk i språkbevisstheita (Sandøy, 2011, s. 23). Fram til kring 1350 hadde islandsk og norsk (og færøysk) ein heil del felles utviklingar, og blant desse finn vi nettopp segmentasjon og differensiasjon.

Grunnen til at vi set eit skilje kring 1350 er sjølvsagt svartedauden. Denne førte etterkvart til sterkt redusert kontakt mellom Noreg og Island, særleg fordi Noreg vart så redusert etter denne at det var vanskeleg å halde oppe båttrafikken ut til Island (Sandøy, 2011, s. 33). Tida fram til dette har på islandsk vorte nemnd som *norska öldin*, medan tida frå kring 1400 vert nemnd som *enska öldin*. Dette tyder altså det norske og det engelske hundreåret, og kjem av at det frå då av var

engelskmennene som dominerte på Island (Sandøy, 2011, s. 34). Kontakten mellom Færøyane og Noreg var framleis stor, blant anna ettersom desse to landa hadde Bergen som vedtatt handelssenter (Sandøy, 2011, s. 34). Det var likevel ikkje slik at kontakten mellom Noreg og Island forsvann heilt, men ettersom segmentasjon og differensiasjon altså er felles for alle dei tre språka, er det absolutt sannsynleg at denne felles utviklinga kjem frå tida før svartedauden herja, dersom denne likskapen faktisk kjem av kontakt mellom dei tre samfunna.

### 3.2. Kvantitetsomlegginga

Ei endring som både norsk og islandsk har gått gjennom er kvantitetsomlegginga. Ein reknar med at denne starta i mellomalderen, og vidare at ho vart meir eller mindre gjennomført i islandsk på 1500-talet (Stefán Karlsson, 2004, s. 12), medan ho på norsk har halde fram til nyare tid, og i somme dialekter ikkje vorte fullstendig gjennomført enno (Berg, 2018, s. 171). I denne samanhengen bør vi ha greie på kva resultatet av kvantitetsomlegginga var, ettersom ho er viktig for dateringa av ein heil del språklege endringar, deriblant dei vi ser på i denne oppgåva.

I det norrøne språket hadde ein fleire moglegheiter for lengda, eller kvantiteten, på trykksterke stavingar. Når vi snakkar om kvantitetsomlegginga, er det rimet i stavinga som er relevant. Både islandsk og dei fleste moderne norske dialektar, og alle i det sørvestlandske området, kan berre ha det vi kallar lange trykksterke stavingar (Mørck, 2004, s.411) Det vil seie at rimet i stavinga må ha eitt og berre eitt langt element, altså anten lang vokal eller lang konsonant. Eit unntak frå dette har vi frå bøyingsendingar, der vi kan få lang vokal med påfølgjande konsonantsamband, ofte beståande av ein konsonant i enden av rota, og deretter ein *t* som bøyingsending. Dette ser vi til dømes når nokon seier at dei har *spist*, eller når ein rogalending (som altså ikkje har retrofleks) seier *rart*, men dette er ikkje relevant i den vidare oppgåva og vi skal difor ikkje gå meir inn på dette.

I norrønt kunne trykksterke stavingar i tillegg vere anten korte, altså med rim utan eit langt element, eller overlange, som vil seie både lang vokal og langt konsonantsamband (Berg, 2018, s. 171). For å oppnå resultatet vi finn i moderne norsk (og islandsk) har, logisk nok, dei overlange stavingane vorte kortare, og dei korte stavingane vorte lenger. Det som ikkje er like rett fram og logisk, er kva del av stavinga (vokalen eller konsonanten) som måtte verta kortare eller lenger. Vi skal ikkje her sjå detaljert på dette, men vi skal ta med oss at i det sørvestlandske dialektområdet (med Bergen og strileområdet som unntak (Torp, 2011, s.22)) er det hovudsakleg vokalen som har vorte lenger i stavingar som tidlegare var korte, som når norrønt *koma* > moderne sørvestlandsk /koːma/, til skilnad frå /komɪa/. For overlange stavingar er det i norsk stort sett vokalen som har vorte kortare (Berg, 2018, s. 171).

I islandsk har det same skjedd, men her har det skjedd ei stor endring i vokalkvaliteten før kvantitetsomlegginga. I islandsk har nemleg ein del tidlegare lange vokalar (monoftongar) vorte diftongar, og så har kvantitetsomlegginga altså truleg skjedd etter dette (Stefán Karlsson, 2004, s. 12). Når ein så fekk kvantitetsomlegginga vart det slik at vokalane i trykksterke stavingar, anten dei var monoftongar eller diftongar, vart lange om dei sto til slutt i stavinga, eller der koda bestod av ein kort (enkel) konsonant, som når norrønt *koma* i moderne islandsk òg har vorte til /koːma/, og korte om koda bestod av ein lang konsonantisme (Stefán Karlsson, 2004, s. 12-13). Dette er eigentleg det same som vi ser i sørvestlandsk, altså at det var vokalen som vart endra i tidlegare korte og overlange stavingar, sjølv om det ikkje er like vanleg med korte diftongar i norske dialekter.

Når ein skal forsøke å datere kvantitetsomlegginga dukkar det opp utfordringar, og då særleg det at ein ikkje har systematisk markering av stavingslengd i det gamle kjeldematerialet (Berg, 2018, s. 171). Somme meiner at omlegginga kan ha starta så tidleg som på 1200-talet, mens andre reknar at ho har starta på 1300-talet (Berg, 2018, s. 171-172). Denne usikkerheita kjem altså av manglande markering av stavingslengd, men òg av at tidlege teikn til kvantitetsomlegging er relativt sporadiske. Særleg er runding av lang /aː/ til /oː/ interessant her. Denne endringa har tidlegare vorte tidfesta til om lag 1200, medan det seinare har vorte argumentert for at dette er ei for tidleg datering, og at dette nok ikkje har skjedd før kring 1300 (Berg, 2018, s. 172). Dette er interessant fordi det forklarar overgangen *nátt* > /natː/, altså utan runding, medan vi likevel finn forma /notː/ andre stader, og altså har ikkje denne kortinga av vokalen skjedd før rundinga av lang /aː/ gjennomgåande i norsk (Berg, 2018, s. 172).

### 3.3. Assimilasjon av konsonantar

Assimilasjon er ein vanleg type språkending (Campbell, 2013, s.24) som òg har råka det norske språket på ulike måtar. Her skal vi spesifikt sjå på assimilasjon av konsonantsamband, og då spesielt dei konsonantsambanda som i nokre dialekter har vorte segmenterte, nemleg *rl* og *rn*. Dei norrøne konsonantsambanda *rl*, *rn* og *rs* vart assimilerte til *ll*, *nn* og *ss* i mange dialektar (Berg, 2018, s. 175). I moderne norsk er det fleire ord som vert skrivne, både på nynorsk og bokmål, med *nd* eller *ld* til slutt, medan ein på dei fleste dialekter uttalar dei som lang *nn* og lang *ll*. Dette er konsonantsamband som har vorte assimilerte seinare, truleg etter 1300 (Berg, 2018, s. 175), og det same gjeld *mb* > *mm*.

### 3.4. Segmentasjon av *ll* og differensiasjon av *rl* til *dl*

Desse to nemnde assimilasjonane er begge interessante når vi skal sjå på kronologien og dateringa av differensiasjon og segmentasjon. Om vi til dømes ser isolert på ord som *kveld*, som, innanfor ein liten del av området med *ll* > *dl*, har vorte til *kveld*, kunne ein jo tenkje seg at dette var ein metatese

(Torp, 2011, s. 21), altså at to ljodar har bytt plass (Campbell, 2013, s. 33). Om vi ser på det litt mindre isolert, og koplar det saman med at dette nettopp er innanfor  $ll > dl$ -land, så er det langt meir nærliggjande å tru at dette er ein del av denne mykje breiare utviklinga. Dette peiker i retning av at assimilasjonen (i dette området) har skjedd først, og deretter denne differensiasjonen, men det gjev oss ikkje meir informasjon når det gjeld overgangane  $rl > dl$  og  $rn > dn$ .

Overgangen  $ld (> ll) > dl$  er likevel ikkje gjennomgåande i heile det sørvestlandske dialektområdet. Til dømes vert norrønt *kveldr* uttala *kveld* nord i området, *kvell* sør i området, og *kvedl* i strileområdet. Den dag i dag finn vi altså, innanfor det sørvestlandske dialektområde, både  $ll$  og  $dl$ , for det som opphavleg var  $ld$  i norrønt, noko som tyder på at desse to overgangane har kome i ulik rekkjefølgje i ulike geografiske område (Røsstad, 2019, s. 71).

For  $rl > dl$  er det vanskeleg å seie om overgangen har vore direkte eller via ein assimilasjon  $rl > ll$ . Eitt openbart argument for at assimilasjonen har skjedd først, er at vi finn denne differensiasjonen innanfor nøyaktig det same området som vi finn segmentasjonen  $ll > dl$ , og det er slik sett nærliggjande å tru at dette er eitt og same fenomen. Overgangen  $rl > ll$  kan sjåast i norrøne tekstar frå heile Noreg, om enn sporadisk (Berg, 2018, s. 182). Likevel bør vi vere litt forsiktige med å påstå dette ettersom kjeldegrunnlaget er marginalt (Røsstad, 2019, s. 91), blant anna fordi at «alt i alt gjev kjeldematerialet inntrykk av at det gjennom heile seinmellomalderen fanst normer for skrift som gjorde at desse lydendringane ikkje kom mykje til syne.» (Røsstad, 2011, s. 113-114). Eg vil difor ikkje konkludere med kva som har skjedd først, altså om vi har hatt  $rl > dl$  eller  $rl > ll > dl$ , og difor halde fram med å kalle  $rl > dl$  for differensiasjon, sidan det er slik det ser ut når vi samanliknar moderne uttale med norrønt.

Når vi ser på den islandske utviklinga er det noko variasjon i uttala, og faktisk slik at  $rl$  hjå somme språkbrukarar beheld  $r$ , og legg til ein  $t$ , slik at uttala vert *kartl* av *karl* og *kortn* av *korn*, mot *kadl* og *kodn* i det sørvestlandske dialektområdet (Torp, 2011, s. 18). I islandsk har verken  $rl$  eller  $rn$  vorte assimilert til  $ll$  og  $nn$ , eller  $ld$  og  $nd$  til  $ll$  og  $nn$ , noko som kanskje kjem til syne i det ovanforståande, der  $r$  framleis er bevart hjå somme islandske språkbrukarar. Ei anna moglegheit er at  $r$  ikkje har vorte bevart, men snarare kome attende. Særleg ettersom ein ikkje finn slik  $r$  i verken færøysk eller sørvestlandsk, kan det tenkjast at denne uttala rett og slett er skriftpåverka (Torp, 2011, s. 18).

### 3.5. Segmentasjon av $nn$ og differensiasjon av $rn$ til $dn$

Overgangen  $rn > dn$  har, som ein kan sjå av *Kart 2*, skjedd i omtrent det same området som  $ll$ ,  $rl > dl$ , og kan sjå ut til å ha vore ein del av den same prosessen som gav  $rl > dl$ . Det kan altså ha skjedd som ein reaksjon på assimilasjonen  $rn > nn$  i Noreg, kor dei aktuelle ljodane altså har vorte meir ulike for å unngå eit slikt samanfall (Berg, 2018, s. 177), men som nemnd tidlegare har nok ikkje



dette skjedd i islandsk. Tidlege skriftlege døme på  $rn > dn$  kjem frå tidleg på 1300-talet i skriftleg materiale. Dei er få, og det kan hende dette rett og slett er feilskrift, og at det heller skjedde seinare, ettersom ein finn fleire døme frå slutten av 1400-talet (Berg, 2018, s. 177). Uansett skal vi her anta at overgangen  $rn > dn$  var meir eller mindre parallell med overgangen  $rl > dl$ , anten det har vore via assimilasjon og så segmentasjon, eller direkte som differensiasjon, og heller fokusere på den (kanskje meir interessante)  $nn > dn$ .

Overgangen  $nn > dn$  er, som vi har vore inne på, spesiell i form av at vi innanfor eit ganske stort område har han etter lang vokal, men berre i eit mindre område etter kort vokal. Kvantiteten på vokalen, og potensielt tidlegare stavingskvantitet, ser altså ut til å ha noko å seie for kva ord som har fått denne overgangen og ikkje. Både for islandsk og sørvestnorsk, med unntak av strilemålet, er det berre etter lang vokal vi finn denne overgangen (Torp, 2011, s. 18-19). Dette kan tyde på at overgangen har skjedd på ulike tidspunkt i dei ulike områda i Noreg. Denne overgangen ser altså ut til å vere langt meir uavhengig av overgangen  $rn > dn$ , enn det som kan tenkjast å vere tilfelle for  $rl > dl$  og  $ll > dl$ , som kan sjå ut til å vere ein del av same prosess, spesielt om vi har hatt utviklinga  $rl > ll > dl$  (Berg, 2018, s. 182).

Vi skal no sjå på overgangen  $nn > dn$  der han berre skjer etter gamalnorsk lang vokal. Ein  $nn$  etter lang vokal gjev ei overleng staving, som vi har sett på tidlegare. Når denne endringa altså berre skjer i overlange stavingar, og ikkje i lange stavingar (som vi vil ha i tilfella der det er kort vokal framom  $nn$ ), er det logisk å tenkje at dette må ha skjedd på eit tidspunkt der det framleis var eit skilje mellom dei to typane stavingar, som vil seie før kvantitetsomlegginga (Berg, 2018, s. 182). Då kan éin grunn til at dette er annleis i strilemålet vere at endringa har skjedd på eit anna tidspunkt der, altså etter kvantitetsomlegginga. Meir om dette når vi tek for oss overgangen  $mm > bm$ .

### 3.6. Segmentasjon av $mm$ til $bm$ , og meir om strilemål

Ein siste overgang, som har skjedd i omtrent same området som  $nn > dn$  etter kort vokal, er overgangen  $mm > bm$ . Denne har skjedd nettopp innanfor strilemålet, altså dialekta i området rundt, men ikkje i Bergen. Denne endringa har likskapar med dei andre segmentasjonane vi har sett på, i form av at det òg har vore ein assimilasjon  $mb > mm$ , saman med dei vi har sett på med  $ld > ll$  og  $nd > nn$ , men er altså innanfor eit langt mindre område.

I strileområdet har, som i bergensk, mange korte  $m$ -ar frå tidlegare korte stavingar vorte lengd til lang  $mm$ , og desse har òg fått denne  $bm$  (Torp, 2011, s. 22). Dette gjer at det ser ut til at denne endringa har skjedd etter kvantitetsomlegginga, ettersom det altså har skjedd med både eldre og nyare lang  $mm$ . Dette gjev òg mening, når dette er ei endring vi finn i omtrent same utstrekning som  $nn > dn$  etter kort vokal. Sistnemnde har truleg skjedd etter kvantitetsomlegginga i strileområdet

ettersom ho her er uavhengig av lengda på vokalen framom, noko som tyder på at eit slikt kvantitetsskilje ikkje lenger var gjeldande då, til skilnad frå det vi har sett under seksjon 3.5. for resten av området, som berre har dette etter lang vokal. Den tilsvarande utstrekninga er òg med på å bygge opp under at dette nok har skjedd på omtrent same tidspunkt i dette området.

#### 4. Moglege forklaringar

Når vi no har sett på kva som har skjedd, vert det neste steget å sjå på kva som kan vere årsakene. Som vi har sett på er det liknande, men ikkje alltid like, resultat innanfor dei ulike områda, noko som ikkje berre er interessant for dateringa. Det kan nemleg òg ha samanheng med årsakene til dei ulike utviklingane. Til dømes er strileområdet gjerne sett på som eit bygdemål utanfor Bergen, og det at utviklinga tilsynelatande har gått lenger her enn i dei andre områda kan ha å gjere med språkhaldningar, og eit ynske om å skilje seg frå bergensarane (Torp, 2011, s. 21).

Meir overordna spørsmål handlar om kva som kjem av kontakt og kva som kjem av eigenskapar i språket, der blant anna Kenneth Chapman i (den sterkt kritiserte) *Icelandic-Norwegian Linguistic Relationships* går langt i å hevde at det dreier seg om kontakt, medan andre, blant anna Chapman sine kritikarar, har gått lenger i motsett retning ved å vise til at størsteparten av nybyggjarane på Island kom frå det sørvestlandske dialektområdet, og at det islandske språket difor har hatt med seg mykje det same systemet (Sandøy, 2003, s. 83).

##### 4.1. Når og korleis skjer språkendingar?

For at vi skal kunne forklare kva som har skjedd når det gjeld dei spesifikke endringane vi har vore inne på, må vi sjå på kva som trengst for at eit språk faktisk skal kunne endre seg. Sandøy tek opp nokre slike vilkår, som vi skal sjå (noko forenkla) på her.

###### 4.1.1. «Feilsnakkingar»

Det første Sandøy nemner er sjølv artikulasjonen, som i praksis ikkje er heilt presis, i form av at det teknisk sett truleg ikkje er mogleg å produsere to akustisk sett nøyaktig like eksemplar av eitt og same fonem. Dette gjev språket ein labilitet, ettersom det betyr at eit levande språk vil innehalde ein heil del «feilsnakkingar», som kan verta utgangspunkt for språkendingar (Sandøy, 2003, s. 84).


Når vi snakkar om «feilsnakkingar» som fører til språkendingar, er det sjølv sagt ein heil del som må skje for at vi skal kome oss frå eitt individ si «feilsnakking», til eit heilt språksamfunn sin nye uttalenorm. Sandøy set opp ein teoretisk modell der ein innovatør, P<sub>1</sub>, startar med å uttale noko på ein ny måte, og som med tid nyttar denne nye uttalemåten meir og meir frekvent. Får ikkje innovatøren sterke nok korreksjonar frå resten av språksamfunnet kan dette skje ofte nok til at det



vert ein vane for denne personen. (Sandøy, 2003, s. 85). Ved sida av den ovannemnde labiliteten treng vi altså, kanskje openbart, at nokon startar med å ta i bruk ein ny uttalemåte, altså denne  $P_1$ .

#### 4.1.2. Endring i språksamfunnet

Endring hjå eitt individ er sjølvstakt ikkje nok til at vi kan seie at vi har med ei språkendring å gjere. Endring kan vi få når andre språkbrukarar, i Sandøy sin modell illustrert som først eitt anna individ,  $P_2$ , tilpassar seg uttalen til  $P_1$ , og byrjar å gjere det same. Vidare kan ein få fleire individ som gjer det same, og om ei ny uttale vinn fram på denne måten, vil talet på språkbrukarar som tek endringa til seg gjerne skyte fart og auke fort, før det stabiliserer seg og ein kan sjå føre seg at nokre siste språkbrukarar held fast på det gamle (Sandøy, 2003, s. 86). Denne utviklinga kan illustrerast som ei S-forma kurve, der vi har tida som går langs x-aksen, og talet på språkbrukarar som tek i bruk eit nytt språkdrag langs y-aksen, sjå *Kurve 1* (Sandøy, s. 86).



*Kurve 1: S-kurve for språkutvikling, basert på Sandøy (2003), s. 86 og s. 88.*

For at andre språkbrukarar skal vere med på denne nye innovasjonen, set Sandøy opp nokre føresetnadar. Han skriv:

Vi kan tenkje oss at  $P_1$  tek etter  $P_2$  fordi han/ho

- a) opplever dei same språkssystematiske preferansane som  $P_1$  og såleis har same latente tendensane. Ved no å oppleve at ein annan person «slepper laus» tendensane, kan også  $P_2$  lettare gjere det. (Det er lettare å vere to om noko!)

Dette vil seie at dei språkinterne faktorane betyr noko for  $P_2$  òg, men i tillegg kan det komme at  $P_2$  har sosiale eller sosialpsykologiske motiv for å vere lik  $P_1$ .  $P_2$  kan tilpasse seg

- b) for å vise sympati
- c) for å auke sin eigen status ved å gjere seg lik  $P_1$ , eller
- d) for å forme ein formålstenleg gruppeidentitet.

(Sandøy, 2003, s. 86)

Med andre ord spelar både ytre og indre faktorar ei rolle for om ein innovasjon får slå rot og verte ei språkendring.

#### 4.1.3. Spreiing til andre språksamfunn

Når vi snakkar om segmentasjon og differensiasjon, er det fleire som har hevda at likskapen mellom sørvestlandsk og islandsk har med kontakt å gjere. Det er difor òg interessant å sjå på kva som får eit anna språksamfunn til å ta til seg eit nytt språkdrag, slik at ein får ei slik geografisk spreiiing. Med Sandøy sin modell kan dette skje når nokon tek med seg ei språkending til eit anna språk og språksamfunn, og i dette nye språksamfunnet får rolla som innovatøren,  $P_1$ . Om dette no er ein språkbrukar som andre i samfunnet aksepterer som eit førebilete, kan ein få tilsvarande endringsprosess i dette språksamfunnet. Slike innovatørar kan til dømes vere innflyttarar, eller personar som sjølv kjem frå språksamfunnet, men har «plukka opp» denne innovasjonen frå eit anna språk. (Sandøy, 2003, s. 87-88)

Modellen for spreiiinga internt i språksamfunnet, altså for språkendringsprosessen, kan altså vere den same uavhengig av om innovatøren har byrja med ei «feilsnakking» som han har nytta oftare og oftare, eller om han har henta eit nytt språkdrag frå eit anna språk. Sidan «feilsnakking», og særleg spreiiing av slike (grunna punkt a) ovanfor), gjerne kjem av indre faktorar, gjev ikkje denne forklaringa ei forklaring på opphavet på endringar i seg sjølv, ettersom dette slik sett berre validerer at språkending både kan kome av eigenskapar og strukturar i språket sjølv, og av kontakt.

Eit samspel av ulike faktorar er sjølv sagt òg ei moglegheit, og når det her er snakk om to språk med felles opphav, i tillegg til stor grad av kontakt, er det ikkje usannsynleg at fasiten er nettopp ein kombinasjon. Kjartan Ottosson er blant dei som opnar for at vi kan ha å gjere med latente tendensar utløyst av kontakt. Då kan gjerne dei indre faktorane vere viktig for at eit språksamfunn er open for ei bestemt endring, medan dei eksterne faktorane, som her dreier seg om kontakt, kan vere med på å forklare kvifor ei endring skjer, og breier seg, på eit gjeve tidspunkt (Ottosson, 2003, s. 113).

## 4.2. Interne forklaringar

### 4.2.1. Kva kan forklarast strukturelt?

Ifølgje Sandøy kan den strukturelle styringa forklare tre sider ved språkendingane. For det første vil det i språkstrukturen kunne vere noko som er så «ugunstig» eller «unaturleg» på eit tidspunkt, at det vil vere eit press på å skape ein meir optimal struktur (Sandøy, 2003, s. 90). Det at noko er unaturleg kan her dreie seg om ulike ting, men det dreier seg altså om preferansar i språkstrukturen.

For det andre kan språkstrukturen på eit eller anna vis ha vorte uheldig (Sandøy, 2003, s. 90). Til dømes om ei språkending har gjort ein fonetisk skilnad for liten, og det kan vere (underbevisst) ønskeleg å bevare ein distinksjon, slik at noko anna i språket må endrast for å oppretthalde denne. Dette kan skje på fleire måtar, og utviklinga treng ikkje gå i same retning, men det kan ligge strukturelle tendensar til grunn for at ei endring går i ei bestemt retning.

For det tredje er det ikkje alle slags språkendingar som kan skje på kva som helst tidspunkt. «Ofte må ei viss utvikling skje før ei anna kan komme i gang pga. strukturell avhengigheit.» (Sandøy, 2003, s. 90). Etter modell frå Sandøy vil eg her setje opp ein tabell for dei prosessane vi ser på i denne oppgåva, og «teste» dei basert på desse tre styringspunkta.

<i>Endring</i>	<i>Same strukturelle presset for endringa</i>	<i>Strukturell preferanse for same fonetiske løysinga</i>	<i>Strukturelle argument for same tida for endringa</i>
Differensiasjon av <i>rn</i> og <i>rl</i>	Ja. Det å skape større fonologisk kontrast mellom dei to konsonantane kan seiast å vere eit strukturelt press som var felles i begge språka, ettersom det i begge høva dreier seg om to ganske sonore konsonantar rett etter kvarandre. (Sandøy 2003, s. 91)	Nei (Sandøy, 2003, s. 91). Tvert imot er det slik at dei same konsonantsambanda jo fanst i heile det norske språket (samt i svensk og dansk), men der har ein anten behalde begge ljodane, eller fått ein assimilasjon (Berg, 2018, s. 175).	Nei. Det er ikkje noko som tilseier at dette måtte skje på verken eit gjeve tidspunkt, eller på same tidspunkt. Konsonantsambanda hadde vore gyldige i mange år frå før, og skil seg ikkje særleg frå andre kombinasjonar når det gjeld liten sonoritetskontrast. (Sandøy, 2003, s. 91)
Segmentasjon av <i>ll</i>	Ja. Etter kvantitetsomlegginga ser det ut til å ha vore ein tendens til å erstatte kvantitetsskilnadar med kvalitetsskilnadar, og denne segmentasjonen kan tolkast som ein del av dette. (Sandøy, 2003, s. 91)	Nei. Tvert imot kan vi innanfor det nordiske område sjå at <i>ll</i> i eit stort område heller har vorte palatalisert. Dette kan òg tolkast som ein måte å erstatte kvantitetsskilnadar med kvalitetsskilnadar, men viser tydeleg at det ikkje var nokon strukturell preferanse for segmentasjonen. (Sandøy, 2003, s. 91)	Ja. Både i islandsk og norsk var kvantiteten og kvaliteten på vokal og konsonantisme uavhengige av kvarandre tidlegare, og kvantitetsomlegginga kan difor ha vore ein viktig strukturell årsak til at det måtte skje ei eller anna endring omtrent på same tida, med utgangspunkt i at kvantitetsomlegginga skjedde kring same tida. (Sandøy, 2003, s. 91)
Segmentasjon av <i>nn</i> etter lang vokal	Nei (Sandøy, 2003, s. 92). Denne kan ikkje forklarast på same måte som segmentasjon av <i>ll</i> ettersom han ser ut til å ha skjedd før, eller samstundes med, kvantitetsomlegginga, og før behovet for å erstatte kvantitetsskilnadar med kvalitetsskilnadar.	Nei (Sandøy, 2003, s. 92). Når det tilsynelatande ikkje er nokon grunn til at endringa skulle skje, er det heller ikkje lett å sjå nokon grunn til at ho tok den vegen ho gjorde.	Nei (Sandøy, 2003, s. 92). Sidan vi går ut frå at dette skjedde før kvantitetsomlegginga kan vi heller ikkje her argumentere på same måte som for <i>ll</i> .

Tabell 1: Strukturell styring felles for norsk og islandsk. Basert på tabell frå Sandøy (2003) s. 90.

Oppsummert kan det altså sjå ut til at det strukturelle i alle fall har spelt inn på differensiasjon av *rn* og *rl*, samt segmentasjon av *ll*, men ikkje på segmentasjon av *nn* etter lang vokal. Ifølgje Sandøy må vi difor sjå til eksterne faktorar for å finne ei forklaring på denne (Sandøy, 2003, s. 93). Det er altså i hovudsak ei oversikt over kva som kan forklarast strukturelt han forsøker seg på, utan at han går i detalj i kva som faktisk er tendensane som i så høve utløyser endringane.

#### 4.2.2. Kva i strukturen legg opp til nettopp segmentasjon og differensiasjon?

Røsstad (2019) går inn på kva for eigenskapar som faktisk kan ha vore bakgrunnen for utviklinga. Han diskuterer særleg segmentasjonen av *ll*, men er òg inne på dei andre endringane. Ifølgje han er det lite truleg at *rl* > *dl* (med mogleg mellomsteg til *ll*) har skjedd før *ll* > *dl*, og difor vel han å sjå på sistnemnde overgang uavhengig av *rl* > *dl* i artikkelen sin (Røsstad, 2019, s. 64) Han argumenterer for at ein kan sjå på dette som ein *epentese*, altså at det vert lagt inn eit heilt nytt segment, heller enn at eitt segment vert kløyvd i to, som ligg i omgrepet *segmentasjon*, og at ei drivkraft for endringa ligg i koartikulasjon (Røsstad, 2019, s. 62).

Røsstad refererer til Kristján Árnason sin argumentasjon for at det vi her har kalla segmentasjon er noko han kallar, omsett til norsk, *tvilyding*, og som baserer seg på fonologisk elementteori (Røsstad, 2019, s. 66). Poenget er at det i ljodane *l* og *n* «kan liggje eit lukkelyds-element» (Røsstad, 2019, s. 66). Dette vert forklart fonetisk med at dette lukkelyds-elementet i sjølv danninga av lateralen *l* og nasalen *n*, er det som gjev opphavet til plosiven i resultatet av segmentasjonen (Røsstad, 2019, s. 66). Lukkelyds-argumentasjonen er ei forklaring av overgangen *ll* > *dl* som segmentasjon, men det synet Røsstad introduserer er at det heller kan vere snakk om ein innskoten plosiv. Han påpeiker likevel òg at dei to uttrykka er nært knytt saman (Røsstad, 2019, s. 68-69).

Overgangen frå vokal til lateral inneber eit raskt skifte til apikalt lukke med lateral opning, og sidan det apikale lukket kjem ørlite tidlegare enn den laterale opninga, blir resultatet ein [d] som eksploderer lateralt. Det fonetiske trekket apikalt lukke, som høyrer til lateralen, manifesterer seg dermed som eit innskote segment, men sidan vokalen synest å spele ei rolle her, kan det vere meir opplysende å nytte notasjonen [VI] > [Vdl].

(Røsstad, 2019, s. 70)

Dette er ei mogleg forklaring basert på artikulasjon, og det liknar Kristján Árnason si om lukkelyds-elementet. Skilnaden på dei to forklaringane ligg i at lukkelyds-argumentasjonen nettopp dreier seg om ein ljod, og altså persepsjon, medan alternativet Røsstad legg fram dreier seg om artikulasjonen i seg sjølv. Vidare påpeiker Røsstad at «Desse fonetiske og fysiologiske aspekta er ikkje i seg sjølv forklarande, men snarare ei utdjuping av kvifor somme prosessar kan vere naturlege.» (Røsstad, 2019, s. 71), og nettopp det at noko er naturleg er ein del av ei forklaring (Røsstad, 2019, s. 72).

Likevel er det slik at sjølv om noko er naturleg, treng det ikkje å skje. Då treng det heller ikkje å skje på eit gjeve tidspunkt, og heller ikkje overalt (Røsstad, 2019, s. 86).

Det vert altså rom for variasjon, noko vi openbart finn i Noreg ettersom det berre er eit avgrensa område som har hatt dei endringane vi snakkar om her. Etter å ha gått gjennom ulike teoretiske rammeverk, omtalar Røsstad overgangen  $ll > dl$  som «like gåtefull som før» (Røsstad, 2019, s. 84), men konkluderer til slutt med at det ikkje treng vere så vanskeleg å forstå sjølve det fonetiske utgangspunktet for at det kunne skje (Røsstad, 2019, s. 87).

#### 4.2.3. Segmentasjon og differensiasjon som del av ei større utvikling

Torp diskuterer òg nokre strukturelle faktorar som opphav for endringane, og at han «implisitt regner med et felles utgangspunkt som hovedgrunnlag for endringene» (Torp, 2011, s. 12). Han viser blant anna til Sandøy sitt argument om å bevare fonemisk distinksjon gjennom å erstatte kvantitetsskilnad med kvalitetsskilnad, som vi var inne på i 4.2.1. Han tek vidare opp det han kallar «historiske samansverjingar», definert som ei gruppe formelt urelaterte endringar som kombinert produserer eit resultat som ingen av dei krev (Torp, 2011, s. 13-14), samt omgrepet *drift*, som altså er når språkbrukarane underbevisst vel individuelle variasjonar som er kumulative i ei spesifikk retning (Torp, 2011, s. 14). Det er altså snakk om språkendringar som tilsynelatande «ballar på seg» (Torp sine ord) over lang tid, og i ei bestemt retning. Er det snakk om slik drift her, må vi kunne seie at denne ikkje slår ut med same styrke overalt, ettersom vi har hatt ulike utviklingar i andre delar av blant anna norsk. Dette kan ha samanheng med blant anna språkkontakt (Torp, 2011, s. 14-15).

Den *driften* som det her er snakk om, kan sjå ut til å dreie seg om at konsonantar som står etter vokal vert mindre *sonore*, som gjer at dei kan opplevast som sterkare, ettersom dei då kan seiast å verte meir ulike vokalane (Torp, 2011, s. 15). Sonoriteten til ein språkljod kan vi seie at dreier seg om klangfylde, eller kor godt vi høyrer han, og vokalar er difor dei mest sonore (Hognestad, 2019, s. 58).

Tabell 2 viser eit sonoritetshierarki for relevante konsonantar, og Torp sin tanke er altså at konsonantar etter vokal vil flytte seg lenger opp i dette hierarkiet (Torp, 2011, s. 15).

<b>sterkere / mindre sonore</b>
<b>plosiver</b>
<i>p, t, k</i> (ustemte)
<i>(b, d, g)</i> (stemte; fins ikke i moderne islandsk)
<b>frikativer</b>
<i>f, þ, [χ]</i> (ustemte)
<i>v, ð, [γ]</i> (stemte)
<b>sonoranter</b>
<i>r, l, n, m</i> (ustemte/stemte)
<b>svakere / mer sonore</b>

Tabell 2: Sonoritetshierarki. Tabell frå Torp (2011) s. 15.

I Torp sin artikkel deler han inn i ulike ledd i denne overordna utviklinga. Det eldste er når ein sonorant etterfølgt av ein frikativ vert til ein sonorant etterfølgt av ein plosiv, som til dømes urgermansk *\*lanða* > norr. *land*. Dette er utviklingar som ser ut til å ha skjedd på litt ulike tider, dei seinaste av dei først etter norrøn tid. (Torp, 2011, s. 16). Etter dette kjem utviklinga at frikativ etterfølgt av sonorant går over til plosiv etterfølgt av sonorant, altså der dei same konsonanttypene står i motsett rekkjefølgje. Eit døme på ein slik overgang er norrønt *nafn* > islandsk /nabn/. Det er fleire slike i islandsk enn i norsk, men somme av dei finst òg i sørvestnorsk (Torp, 2011, s. 17). Etter desse to overgangane kjem det vi har sett på her, og underoverskrifta Torp har vald her er «Plosivsammensvergelsen går vidare: *r* + sonorant eller land sonorant (*l, n, m*) > plosiv + sonorant» (Torp, 2011, s. 18).

Torp omtalar òg visse innovasjonar, som segmentasjonen vi snakkar om her, som konserverande, og i vårt tilfelle er det då snakk om kvalitetsskilnadar som erstatning for kvantitetsskilnadar, som Sandøy òg skreiv om (Torp, 2011, s. 13). Torp er inne på at språk- og dialektkontrakt i mange tilfelle vil føre til endringar i språket, og at dei konservative trekka i sørvestlandsk og islandsk rett og slett kan kome av lite kontakt (Torp, 2011, s. 30-31). Til slutt konkluderer han med at «de særprega plosivutviklingene peker i retning av felles tendenser i sørvestlandsk og islandsk – og til dels færøysk, hvordan nå dette skal tolkes historisk.» (Torp, 2011, s. 31). Med Torp sitt heilskaplege syn på segmentasjon og differensiasjon som ein del av ei større utvikling, og denne *drifta*, er vi likevel så nært som vi i denne oppgåva kjem ei forklaring på kvifor endringane skjedde på det tidspunktet dei gjorde i både islandsk og sørvestlandsk.

### 4.3. Eksterne forklaringar

#### 4.3.1. Vilkår for språkending via kontakt

Under 4.1.3. var vi inne på at innovatøren (som i praksis kan vere meir enn éin person) som tek med seg eit språktrekk frå eit anna språk, må vere å sjå på som eit førebilete. Sandøy presenterer då kva for spesielle vilkår som trengst for at innovasjonen skal føre til ei endring i språksamfunnet, nemleg det han kallar veike sosiale band (Sandøy, 2003, s. 100). Han skriv at då har dei etablerte normene lettare for å brytast. Slike vilkår kan ein til dømes oppnå ved geografisk mobilitet, altså der det finst innflyttingar (Sandøy, 2003, s. 100).

For å sjå på om den sosiale kontakten kan føre til språkendingar, treng vi å sjå på typen kontakt. Sandøy viser då til at det, på individnivået, kan skilast mellom korttids- og langtidsakkommodasjon. «Det vesentlege er at ved kontakt over kortare tid kan dei som tilpassar seg eller prøver å lære seg noko nytt, berre greie å gjennomføre forenklingar og ta opp enkle reglar», skriv han (Sandøy, 2003, s. 100), og held fram med at «mens ved kontakt over lang tid, kan det bli tale om «perfect learning»

også av kompliserte reglar.» (Sandøy, 2003, s. 100). Eit anna element er styrken i kontakten, som blant anna kan handle om kor mange som flyttar, og tek med seg eit nytt språkdrag (Sandøy, 2003, s. 100). Til sist er det av interesse korleis det sosialt ligg til rette for at nye språkdrag vert aksepterte. Om dette skriv Sandøy at «Her kan det vere tale om status og prestisje i samfunnet og om f. eks. motsetningar i samfunnet gir grunnlag for sterk gruppeidentitet eller ev. sterk opposisjonstrong», men han legg òg til at det er lite vi veit om slikt frå eldre tider (Sandøy, 2003, s. 100).

#### 4.3.2. La kontakten mellom Island og Noreg opp til språkleg påverknad?

Når det gjeld kontakten med Island fram til 1400, som vi har vore inne på i 3.1., er det i historieframstillingane særleg handelen som vert via merksemd (Sandøy, 2003, s. 101). Om denne skriv Sandøy at «hovudtendensen var at det var nordmenn som dreiv handel, og denne handelen skjedde mest med utgangspunkt i Bergen – dvs. Vestlandet.», og at det i hovudsak var dei som reiste til Island, særleg etter 1200, og ikkje motsett (Sandøy, 2003, s. 101). Vidare skriv han at handelsmennene kom att fleire år, at dei gjerne var der lenge, nokre gonger over vinteren, og ikkje minst budde hjå familiar og vart kjende med innbyggjarane medan dei var der (Sandøy, 2003, s. 102). Mange nordmenn vart òg buande på Island, og blanda seg med islendingane gjennom blant anna giftarmål (Sandøy, 2003, s. 102). Samstundes kunne passasjerar reisa med handelsskipa, og då særleg islendingane som til dømes tok seg arbeid i Noreg, vart verande her ei tid, og så gjerne reiste heim att (Sandøy, 2003, s. 102).

Det var altså mange som reiste, og mange som vart verande i lang tid, både islendingar i Norge, og nordmenn på Island. Når det gjeld dei sosiale forholda, kunne nok nordmenn som vart verande på Island over tid verte modellar og førebilete for enkeltpersonar, men viktigare var nok islendingane som reiste ut og vart verande i Noreg over tid, før dei kom heim att (Sandøy, 2003, s. 104). Sidan språka framleis var såpass like som dei var, er det då ikkje usannsynleg at dei kunne la seg påverka av språket i Noreg, og dei kunne verta «språkmisjonærar» som dei andre fekk som førebilete på Island. Tilsvarande kunne sjølvsagt òg nordmenn som var på Island over tid ta med seg nye språktrekk til Noreg (Sandøy 2003, s. 104). Med stor kontakt, og både flyttingar og giftarmål, kan det sjå ut til at forholda låg til rette for langtidsakkommodasjon òg, som trengst for å overføre innvikla fonologiske reglar som  $mn > dn$  berre etter tidlegare lang vokal (Sandøy, 2003, s. 104-105).

Det er ikkje grunnlag for å seie mykje om prestisjen og symbolverdien som låg i språket på denne tida, skriv Sandøy, «men meir tidlaus er kanskje tendensen til at personar tilpassar seg dominerande personar i samtalsituasjonen» (Sandøy, 2003, s. 105). Vi snakkar om ei tid der nordmennene var dominerande, blant anna gjennom at dei var arbeidsgivarar for islendingar, og ikkje minst som handelsmenn med moglegheit for å tilby ein god handel (Sandøy, 2003, s. 105). Oppsummert låg det



nok altså til rette, både på individnivået, når det gjeld det vi kalla styrken på kontakten og når det gjeld dei sosiale forholda, for at språkendingane skulle kunne spreie seg frå Noreg til Island.

Når vi skal vurdere kor sannsynleg påverknad frå eit anna språk er, er mengda av parallelle utviklingar av interesse. Hadde det vore slik at segmentasjon, og potensiell differensiasjon, var den einaste utviklinga islandsk og norsk hadde felles i perioden, hadde det sett langt meir tilfeldig ut. Ettersom det faktisk er ein heil del felles utviklingar, er det vanskeleg å avskrive det som tilfeldig, eller berre indre motivert (Ottosson, 2003, s. 115). Særleg er nettopp segmentasjon og differensiasjon såpass avstikkande i nordisk samanheng (Ottosson, 2003, s. 115), at det godt kan vere snakk om kontakt, gjerne saman med latente tendensar (Ottosson, 2003, s. 116). Særleg er segmentasjonen *nn* > *dn* «ein novasjon utan opplagd strukturforklaring og dermed blir ytre påverknad sannsynleg» (Ottosson, 2003, s. 121). Elles er det generelt få endringar som viser seg i islandsk før norsk i kjeldene, og difor truleg at ei eventuell overføring har gått frå Noreg til Island (Ottosson, 2003, 117).

Eit motargument her er at ein i skriftlege kjelder kan finne døme på segmentasjon og differensiasjon i noko eldre dokument frå Island enn Noreg, men tidsavstanden er så liten at dette knapt kan seiast å vere grunnlag for å tru at det gjekk andre vegen (Sandøy, 2003, s. 105). Utanom dette kan ein merke seg at moderne Bergen bymål jo ikkje har dei språkdraga som vi er inne på her, men både fordi den tidlege handelen vart driven av bønder, og dessutan fordi islendingane som overvintra truleg ikkje budde i Bergen by, er dette heller ikkje eit argument som tilbakeviser at kontakt kan ha spelt ei stor rolle i den sams språkutviklinga (Sandøy, 2003, s. 106).

#### 4.3.3. Strilane og naboopposisjon

For særtilfellet med strilemålet har vi truleg å gjere med ein annan type ekstern påverknad òg. Torp skriv om strilane som annleis ein bergensarar, og at «dialekten i Bergen skiller seg langt meir frå dialektene i omlandet enn målet i noen annen by i Norge» (Torp, 2011, s. 19). Han tolkar det at strilane segmenterer i endå fleire samanhengar enn i dei andre områda vi har omtala som at «på et eller annet tidspunkt må strilene ha funnet ut at de slett ikkje vil snakke som bergenserne lenger» (Torp, 2011, s. 21), og då plukka opp språkdraga til resten av sørvestlendingane, for så å ta dette endå lenger. Dette kallar han «hypersørvestlandsk», som et uttrykk for naboopposisjon (Torp, 2011, s. 22-23). Vi har tidlegare, blant anna i *Tabell 1* i 4.2.1, vore inne på at det meste av norsk, samt dansk og svensk, har hatt ei anna utvikling for konsonantismane vi ser på her (som til dømes palatalisering i staden for segmentasjon av *ll*), og slik sett kan det òg tenkjast at det kan ha vore eit snev av naboopposisjon som har ført til at dei nye uttalemåtane har fått fotfeste på sørvestlandet òg.



## 5. Oppsummering og konklusjon

Når vi no har sett på resultatata av segmentasjon og differensiasjon i moderne islandsk og sørvestlandsk, og ikkje minst når og korleis det kan ha skjedd, kan vi samle trådane att. Sjølv om særleg segmentasjon, men dels òg differensiasjon, kan sjå ut som lite intuitive og uøkonomiske språkendingar, har vi sett i 4.2 at det finst indre motivasjon for det. I 4.3 såg vi at språkkontakten har vore stor, og dessutan hatt gode vilkår for å skape påverknad.

I 4.1 såg vi på ein modell for korleis «feilsnakkingar» hjå éin språkbrukar kan utvikle seg til ei heilskapleg språkending for eit heilt språksamfunn, og vidare spreie seg til eit anna. Deretter såg vi, i 4.2, at felles strukturelle eigenskapar i islandsk og sørvestlandsk la opp til at segmentasjon og differensiasjon kunne skje i dei to språksamfunna. Til slutt såg vi, i 4.3, at kontakten mellom desse to språksamfunna har vore av den typen som kan føre til språkleg påverknad og endring. Slår vi alt dette saman, kan vi tenkje oss at det strukturelle har lagt opp til at det har skjedd først gjennom spreining frå ein (eller fleire) innovatørar i det sørvestlandske dialektområdet. Deretter har nordmenn og/eller islendingar fått dette med seg til Island, og fungert som språklege førebilete der, og slik fått spreitt språkdraga der òg.

Eg vil difor ikkje avskrive verken kontakt eller språkstruktur som årsak for endringa, men heller konkludere med at latente tendensar, resultatet av kvantitetsomlegginga og eit behov for å konservere skilnadar som vart truga av både kvantitetsomlegginga og assimilasjon er indre faktorar gjorde at endringa fekk breie om seg, truleg med opphav sørvest i Noreg. Eg følgjer difor Sandøy (2003) og Ottosson (2003) i at det strukturelle la opp til at noko kunne skje, men at kontakt avgjorde kva som skjedde kor, og ikkje minst at det skjedde kring den same tida.

Sjølv om dette ikkje er eit svart på kvitt svar på nøyaktig kva som har skjedd, og korleis det har arta seg, gjev dei ei oversikt over kva som kan forklarast korleis. Det er framleis rom for å grave meir i dette, og ikkje minst sjå på det i ein større samanheng, då både saman med andre språkendingar, og i ljøs av utviklinga i dei andre nordiske språka og dialektane.

## Litteratur

- Berg, I. (2018). Tida fram til 1600. I Mæhlum, B, (Red.). *Norsk språkhistorie II: Praksis*. (s. 165-190). Novus Forlag
- Berg, I. (2019). Morfologi. I Brøseth, H., Eide, K. M. & Åfarli, T.A., (Red.). *Språket som system: Norsk språkstruktur*. (s. 69-99) Bergen: Fagbokforlaget Landslaget for norskundervisning.
- Campbell, L. (2013). *Historical Linguistics: An Introduction* (3. utg.). Edinburgh University Press.
- Chapman, K. G. (1962). *Icelandic-Norwegian Linguistic Relationships*. Universitetsforlaget.
- Hagland, J. R. (2004). Gammalislandsk og gammalnorsk språk. I Haugen, O. E. (Red.). *Handbok i norrøn filologi*. (s. 375-405). Fagbokforlaget.
- Hognestad, J. K. (2019). Fonologi og fonetikk. I Brøseth, H., Eide, K. M. & Åfarli, T.A., (Red.). *Språket som system: Norsk språkstruktur*. (s. 41-67) Bergen: Fagbokforlaget Landslaget for norskundervisning.
- McMahon, A. M. S. (1994). *Understanding Language Change*. Cambridge University Press.
- Mørck, E. (2004). Mellomnorsk språk. I Haugen, O. H. (Red.). *Handbok i norrøn filologi*. (s. 407-450). Fagbokforlaget.
- Ottosson, K. (2003). Heimenorsk innverknad på islandsk språk i mellomalderen, særleg i morfologien. I Kristján Árnason (Red.). *Útnorður: West Nordic standardisation and variation: Papers from a Symposium in Stockholm October 7th 2001*. (s. 111-152). Reykjavik: Institute of Linguistics.
- Røsstad, R. (2011). Kva fortel kjeldene om innovasjonen *dl* i norsk?. *Maal og Minne*, 103 (2), s. 96-119
- Røsstad, R. (2019). Segmentasjon eller motivert epentese?. *Maal og Minne*, 111 (1), s. 61-91.
- Sandøy, H. (2003). Språkendringar med eller utan kontakt i Vest-Norden?. I Kristján Árnason (Red.). *Útnorður: West Nordic standardisation and variation: Papers from a Symposium in Stockholm October 7th 2001*. (s. 81-110). Reykjavik: Institute of Linguistics.
- Sandøy, H. (2011). Frå tre dialektar til tre språk: Språklig og ideologisk. I G. Akselberg og E. Bugge (Red.). *Vestnordisk språkkontakt gjennom 1200 år* (s. 19-38). Fróðskapur.
- Stefán Karlsson. (2004). *The Icelandic Language*. (R. McTurk, overs.). Short Run Press Limited, Exeter.
- Torp, A. (2011). Islandsk og strilemål – antidansk? Fonologiske parallellutviklinger i islandsk og sørvestnorsk sett i et nordisk perspektiv. *Orð og tunga* 13 (s. 11-35).

